



## MØTEBOK

### Trafikktryggingsplan 2021-2031 - stadfesting

Utval sak	Utval	Møtedato
9/22	Utval for plan og miljø	15.02.2022
5/22	Kommunestyret	23.03.2022

#### Vedlegg:

- 1 TS-plan\_Fitjar\_kommune\_endeleg
- 2 Prosjektark
- 3 Oversikt innspel ved oppstart til revisjon av trafikksikringsplan
- 4 Merknadsskjema 1. gongshøyring
- 5 Merknadsskjema 2. gongshøyring

#### Bakgrunn:

Fitjar kommune sin gjeldande trafikktryggingsplan er ein fullrevisjon frå 2014-2022, og vart handsama som ein kommunedelplan. I kommunen sin planstrategi for 2020-2023 går det fram at trafikktryggingsplan for Fitjar skal ha si hovudrullering i 2021. Trafikktryggingsplanen er denne gangen ein temaplan. Trafikktryggingsplanen for 2021-2031 skal vera ein revisjon av planen frå 2014 med oppfølging av dei tiltaka som ikkje vart realiserte i førre plan periode. Det er komen inn mange nye innspel til denne revisjonen av planen, og desse er handsama av arbeidsgruppa.

Ein oppdatert TS-plan er naudsynt for prioritering av tiltak på det kommunale vegnettet, men også for søknad og påtrykk ovafor fylkeskommunen for tiltak på det fylkeskommunale vegnettet. I Handlingsplan for trafikksikring i Hordaland 2014-2017 står det slik:

*«Med Handlingsplan for trafikksikring i Hordaland 2010-2013 oppretta fylkeskommunen mellom anna ei eiga tilskotsordning for utarbeiding av kommunale trafikksikringsplanar.... Alle ulukker skjer i ein kommune. Lokalt trafikksikringsarbeid er avgjerande for å nå målsetjingar om reduksjon i tal drepne og hardt skadde. Kommunane er særleg viktige for å sikre eit heilskapleg fokus på førebyggjande arbeid blant barn og unge. Med denne handlingsplanen ønskjer fylkeskommunen å styrke føresetnadene for kommunane sitt trafikksikringsarbeid ytterlegare. Dette vert gjort gjennom å vidareføre eksisterande samarbeid med kommunane, vere pådrivar for sertifisering av "trafikksikre kommunar", samt å innføre ei ny tilskotsordning for mindre, fysiske tiltak som er prioritert i kommunale trafikksikringsplanar.»*  
(Handlingsplan for trafikksikring i Hordaland 2014-2017)

#### Organisering av planarbeidet

Fitjar kommune har fått 150 000 frå Vestland Fylkeskommune til å gjennomføra planarbeidet  
Fitjar kommune er tiltakshavar for planarbeidet, og trafikktryggingsplanen (TS-planen) vert utarbeidd som ein temaplan.  
Multiconsult Norge AS har vore konsulent i planarbeidet. Prosjektleiari frå Multiconsult Norge AS har vore Ranja Blomvågnes Sjøstrøm.  
Prosjektansvarleg frå oppdragsgevar og tiltakshavar har vore teknisk sjef, Randi Karin Habbestad.

Konsulenten har arbeidd tett opp mot ei tverrfagleg arbeidsgruppe nedsett av kommunen. Denne har vore sett saman slik:

- Nils Hopland Blikra, politikontakt
- Dag Foseid, Vestland fylkeskommune
- Bente Isdal, Statens vegvesen
- Knut Olav Røssland, Trygg trafikk
- Tore Nesbø, driftssjef/brannsjef Fitjar kommune
- Gisle Vik, arbeidsleiar Fitjar kommune
- Øystein Sørli, plansjef Fitjar kommune
- Randi Karin Habbestad, teknisk sjef Fitjar kommune
- Ranja Blomvågnes Sjøstrøm, prosjektleiar, Multiconsult
- Svein Andersland, seksjonsleiar akva og plan, Multiconsult

## **Oppstart**

Utval for plan og miljø vedtok i møte 2. februar, sak PS 10/21 oppstart av "Trafikktryggingsplan for Fitjar 2021 - 2031. Frist for å komme med innspel til planen vart sett til 14.03.2021.

Kommunale tenester har vore invitert til å koma med innspel til planen. I arbeidet med planen har det vore gjennomført synfaringar.

## **1.gangs høyring**

Utval for plan og miljø vedtok i møte 15.juni 2021, sak PS 41/21 Planen skal leggjast ut til offentleg høyring to gangar. Frist for å komme med merknad til planen 1.gangs høyring var **20.08.2021**.

Vedtak: *"Utval for plan og miljø vedtek å leggja Trafikktryggingsplanen for Fitjar kommune 2021 - 2031 ut til offentleg ettersyn. Utvalet vil etter høyring prioritere tiltak, og planen vil bli lagt ut til offentleg ettersyn to ganger. Utvalet ber om at område i sjø blir lagt meir konkret inn i planen, med fartsgrenser, utsette område og andre farar."*

Planen har vore på 1.gangs høyring. Det kom inn 8 merknadar til 1.gangs høyring. Vedlagt er merknadsskjema til 1.gangs høyring.

## **2.gangs høyring**

Utval for plan og miljø vedtok i møte 12.oktober 2021, sak PS 72/21 at planen skal leggjast ut på 2.gangs høyring med 4 vekers frist. Frist for å komme med merknad til planen 1.gangs høyring var **21.11.2021**.

Vedtak: *«Utval for plan og miljø godkjenner trafikksekringsplanen 2021 - 2031 slik den ligg føre med følgjande endringar: Fv 5072 punktutbedring -autovern og endre til møteplass, gjeld både Skumsnes og Osternes Fv 5070 punktutbedring flytta kryss/avkjøring Kråko/Sjøtroll FV 5070 iht. reguleringsplan til prioritet 1. Saka vert sendt på 2 gangs høyring med 4 ukers frist. Det vil bli søkt om fylkeskommunale midlar til trafikktryggingstiltak, det er vanleg med eignandelar, som vil bli lagt i økonomiplanen sin investeringsdel.»*

Planen har vore på 2.gangs høyring. Det blei behandla 6 merknadar til 2.gangs høyring. 3 av desse merknadane kom inn til 1.gangs høyring, men kom ikkje med i førre runde, desse er dermed blitt behandla i 2.gangs høyring. Vedlagt er merknadsskjema til 2.gangs høyring.

## **Trafikksikker kommune og hjartesone for skulane**

Fitjar kommune vil arbeide med å verta ein trafikksikker kommune i samsvar med Trygg trafikk sine retningslinjer i starten av planperioden.

Fitjar kommune planlegg å få status som hjartesone ved alle skulane i kommunen i starten av planperioden.

For både trafikksikker kommune og hjartesone, er desse prioriterte trafikktryggingstiltak i tilskotsordninga i fylkeskommunen, dermed er det viktig at dette arbeidet blir prioritert for å betre trafikktryggleiken i Fitjar kommune.

## **Forankring i planar/mål:**

«Nullvisjonen» er ein visjon om eit veg- og transportsystem som ikkje fører til døde eller hardt skadde. Nullvisjonen er bygd på at trafikantane og styresmaktene har eit delt ansvar og gjensidig forplikting i forhold til kvarandre.

## **Nullvisjon**

**Visjonen for trafikksikringsarbeidet i Fitjar kommune er at ingen skal bli drepne eller hardt skada i trafikken.**

Nullvisjonen vil seie at me skal førebyggja tap av liv og helse gjennom å avgrensa skadane i dei ulukkene som me ikkje klarer å hindra.

Nullvisjonen er forankra i det nasjonale planverket, og vert vidareført i fylkeskommunalt og kommunalt trafikksikringsarbeid.

## **Vurdering:**

Planen er bygd opp slik:

- Innleiing og bakgrunn
- Målsetjing
- Overordna føringar og tidlegare planarbeid
- Registreringar og problemanalyse
- Tiltak

Trafikktryggingsplanen omhandlar også ferdsel på sjø. Det har i denne rulleringa av trafikktryggingsplanen ikkje vore rom for å gjera detaljert kartleggings- og analysearbeid knytt til tilrådingar kring aktuelle område for nedsette fartsgrenser. For å kunne gjere eit meir omfattande arbeid med dette, krevst dei ei grundig kartlegging av aktuelle område for fleirbrukskonfliktar, fartsgrenser og andre farar. Dette er eit omfattande arbeid som kommunen på eit seinare tidspunkt vil leggje inn som eige tiltak. Dette vil krevje ekstern ekspertise og økonomiske ressursar og vart vurdert i denne økonomiplanen.

## **Prioritering:**

Tiltaka er sortert etter tiltakstype eller tiltaksområde. Planen inneheld og ei fordeling mellom langsiktige og kortsiktige tiltak og rekkefylgja mellom dei.

## **Folkehelse:**

Er innarbeidd i planen. Trafikktryggingstiltak vil blir prioritert, for å sikre fleire samanhengande gang- og sykkelveggar, slik at folk kan gå og sykle meir under tryggare forhold.

## **Klima/miljø:**

Er innarbeidd i planen.

## **Økonomi og forankring i økonomiplanen:**

Det vil bli søkt om fylkeskommunal midlar til trafikktryggingstiltak, det er vanleg med eigenandelar, som vil bli lagt i økonomiplanen sin investeringsdel.

## **Framlegg til vedtak:**

Utval for plan og miljø rår kommunestyret til å gjera fylgjande vedtak:

Kommunestyret stadfestar trafikksikringsplanen slik den no ligg føre.

## **Saksprotokoll i Utval for plan og miljø - 15.02.2022**

### **Behandling:**

Representanten Bård Inge Sørfohn (KRF) ba utvalet drøfte hans habilitet då han vart erklært ugild under forrige handsaming av saka med grunnlag i at sakshandsamar i Multiconsult, som har utarbeida planen, og Sørfohn er søskenbarn. Det vart imidlertid i etterkant av det møtet konkludert med at det slektskapet ikkje var grunn for å finne representanten ugild.

Representanten Kristian Skumsnes (SP) tok over som settemøteleiar. Kommunedirektøren orienterte om at representanten ikkje var ugild hverken etter pkt , eller 2. Representanten var samrøystes erklært habil og tiltrådte møtet att.

Representanten Kristian Skumsnes (SP) stilte spørsmål om sin habilitet grunna tidlegare innsendt merknad til planen frå Osternes grendalag, som han er nestleiar i. Dette innspelet er i etterkant trekt.

Kommunedirektøren si vurdering var at representanten ikkje er ugild så lenge innspelet vart trekt i etterkant.

Kristine Dalen (H) hadde merknad til saka, gjeld tabellene som syner oversikt over veger med gatelys, gang/sykelstier samt fartsgrenser. Ber om at dette vert retta opp i saken. Det vart ikkje levert inn skriftleg merknad.

Utvalet drøfta saka og kom med følgjande tilleggsinnstilling til kommunestyret v/representanten Bård Inge Sørfonn.

Kommunestyret stadfestar trafikksikringsplanen for Fitjar kommune med desse endringane/presiseringane:

1. Det må setjast opp ei prioriteringsliste for kvar det skal monterast vegljøs når det vert disponible midlar til slikt. Prioriteringslista skal godkjennast av utval for plan- og miljø.
2. Fartsgrensa bør endrast på to strekningar snarast.
  - a. Fartsgrensa bør reduserast frå 80 km/t til 60 km/t mellom Tveita og Årbø
  - b. Fartsgrense på 40 km/t frå Fitjarsjøen mot Skålavikjo bør halda fram til etter avkøyringa til Higraneset, der det er fysisk skilje mellom fortau og bilveg
3. Kommunestyret ber om at det vert etablert ei arbeidsgruppe som skal sjå på ulike sider som gjeld trygg trafikkavvikling i Fitjar. Arbeidet må omfatta fartsgrenser, skilting, omlegging til forkjørsvegar m.m. Arbeidsgruppa bør vera sett saman av fagpersonar frå ulike miljø og folk med lokalkunnskap.
4. Kommunestyret ber om at det i løpet av hausten 2022 vert sett i gang arbeid for å få trygg ferdsl på sjøen inn som ein del av Fitjar kommune sin trafikksikringsplan.
5. På kommunale veier bør det kontrollerast at det stemmer med gatelys og gangveier at det stemmer som er oppgitt i tabell.
6. Det bør sjåast på at nye tiltak ikkje vert til hinder for nyttetraffikk.

## **Røysting**

Administrasjonen sitt framlegg fekk 0 røyster og fall

Utvalet sitt framlegg vart samrøystes vedteke og det ligg føre slik;

## **Vedtak:**

### **Samrøystes innstilling til kommunestyret:**

Kommunestyret stadfestar trafikksikringsplanen for Fitjar kommune med desse endringane/presiseringane:

1. Det må setjast opp ei prioriteringsliste for kvar det skal monterast vegljøs når det vert disponible midlar til slikt. Prioriteringslista skal godkjennast av utval for plan- og miljø.
2. Fartsgrensa bør endrast på to strekningar snarast.
  - a. Fartsgrensa bør reduserast frå 80 km/t til 60 km/t mellom Tveita og Årbø
  - b. Fartsgrense på 40 km/t frå Fitjarsjøen mot Skålavikjo bør halda fram til etter avkøyringa til Higraneset, der det er fysisk skilje mellom fortau og bilveg
3. Kommunestyret ber om at det vert etablert ei arbeidsgruppe som skal sjå på ulike sider som gjeld trygg trafikkavvikling i Fitjar. Arbeidet må omfatta fartsgrenser, skilting, omlegging til forkjørsvegar m.m. Arbeidsgruppa bør vera sett saman av fagpersonar frå ulike miljø og folk med lokalkunnskap.
4. Kommunestyret ber om at det i løpet av hausten 2022 vert sett i gang arbeid for å få trygg ferdsl på sjøen inn som ein del av Fitjar kommune sin trafikksikringsplan.
5. På kommunale veier bør det kontrollerast at det stemmer med gatelys og gangveier at det stemmer som er oppgitt i tabell.
6. Det bør sjåast på at nye tiltak ikkje vert til hinder for nyttetraffikk.

## Saksprotokoll i Kommunestyret - 23.03.2022

### Behandling:

Representanten Sigurd Andrè Maraas (FRP) ba kommunestyret vurderer om han er ugild i saka, då han har sendt innspel til planen. Han vart samrøystes erklært gild, og kom til møtet att.

Representanten Bård Inge Sørffonn (KRF) orienterte om saka.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

### Vedtak:

Kommunestyret stadfestar trafikksikringsplanen for Fitjar kommune med desse endringane/presiseringane:

1. Det må setjast opp ei prioriteringsliste for kvar det skal monterast vegljøs når det vert disponible midlar til slikt. Prioriteringslista skal godkjennast av utval for plan- og miljø.
2. Fartsgrensa bør endrast på to strekningar snarast.
  - a. Fartsgrensa bør reduserast frå 80 km/t til 60 km/t mellom Tveita og Årbø
  - b. Fartsgrense på 40 km/t frå Fitjarsjøen mot Skålavikjo bør halda fram til etter avkøyinga til Higraneset, der det er fysisk skilje mellom fortau og bilveg
3. Kommunestyret ber om at det vert etablert ei arbeidsgruppe som skal sjå på ulike sider som gjeld trygg trafikkavvikling i Fitjar. Arbeidet må omfatta fartsgrenser, skilting, omlegging til forkjørsvegar m.m. Arbeidsgruppa bør vera sett saman av fagpersonar frå ulike miljø og folk med lokalkunnskap.
4. Kommunestyret ber om at det i løpet av hausten 2022 vert sett i gang arbeid for å få trygg ferdsel på sjøen inn som ein del av Fitjar kommune sin trafikksikringsplan.
5. På kommunale veier bør det kontrollerast at det stemmer med gatelys og gangveier at det stemmer som er oppgitt i tabell.
6. Det bør sjåast på at nye tiltak ikkje vert til hinder for nyttetraffic.

Gjermund Hagesæter  
Kommunedirektør

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*